

Jubileum



Helsingar
Dirigentane
Turane
Ansiktet
Oppdraga
Medlemmene
Styra
Notelista
Konsertprogram

Blandakoret **VIVACE** Bryne.



25 år!

Ein gjennomgang av korets
første kvarte århundre!

Føreord



Blandakoret Vivace feirar 25 års jubileum i år. Feiringa føregår på mange plan. Mellom anna gir me ut dette jubileumsheftet for å setja ned på papir litt om korleis det heile starta, litt ekstra om den fyrste tida, og kva koret har gjort desse åra. Me prøver å gje eit svar på kva det er med dette koret som har "råd" til 60 års aldersgrense, og som til tider har inntaksstopp av nye koristar.

Historia om Vivace er i starten lik historia om dei fleste andre bygdekor. Ein gjeng entusiastar kjem saman og vil laga kor fordi dei tykkjer det er gildt å syngja i lag. Dei skaffar seg øvingslokale, litt fleire medlemmer (men har alltid plass til endå fleire), dei får fatt i ein dirigent, og så er dei i gang.

Tore Kverneland

Når dei har halde på ein ti års tid har dei gjerne skifta dirigent fire fem gonger. Halvparten av dei opprinnelige koristane er slutta. Dei har gjort ting som "Prøysen-program". Nokre svisker frå kjende musikalar har dei heilt sikkert også hatt, og massevis av kjende folkesongar, julesongar og litt popmusikk tilpassa kor. Publikum stiller sjeldan krav om noko nytt. Dei skryt av sitt lokale kor og møter trufast opp på Beatleskveld.

Eg vil i denne historia prøva å visa kva for trekk som har ført til at Vivace i dag er eit ambisiøst kor som òg kan visa til anna utvikling. Dei øver inn krevjande ting som Requiem av Cherubini eller Messe i C dur av Beethoven. Dei klarar å få med seg mellom 40 og 50 songarar pluss ein heil del partnerar på krevjande turar som til Sør Afrika og Cuba.

Dirigentane har avgjerande verknad i eit kor og er gitt brei plass. Turane koret har vore på har hatt stor innverknad på utviklinga, både fagleg og sosialt. Det same gjeld også kurs/seminar som er nemnt. Dama som starta det heile og prosessen rundt det er gitt brei plass. Leiar, dirigent og forbundsleiar får sjølvsagt ordet. 25 år er ingen høg alder på eit kor, men me prøver likevel ut frå det perspektivet me har, å sjå litt på den faglege utviklinga vår. Kven som har gjort kva i styresamanheng er og greitt å ha med i historia vår. Koret sitt ansiktet utover; namnet, logoen og fana, er så pass i slekt med einannan at dei får eit kapittel i lag. Heimeside, avissitat og kordrakt finn òg sin plass der. Det same gjeld annonsar, programframsider og plakatar.

For mimringa si skuld må me ha med litt om dei skiftande øvingslokala. Fleire i koret har skrive enkeltkapittel og deira signatur vil stå under overskrifta deira. Det som er usignert står redaktøren for. Foto er samla frå mange kjelder, først og fremst innan koret. I dei siste åra har Marie Storhaug vore korets faste fotograf, og har teke dei fleste nyare biletta. Layout og anna teknisk bistand har Eirik Bråteit vore mann for. Anne Håland har vore til stor hjelp i det språkfaglege. Redaktør har vore Tore Kverneland, han har og hatt ansvar for gjennomgang av protokollar og anna materiale.

Kverneland 14.09.05

Tore Kverneland

Dirigenten:



Sommaren 1998 blei eg spurd om å ta på meg det musikalske ansvaret for Blandakoret Vivace. Det har blitt til 7 spennande år med mange gilde musikalske og sosiale opplevingar. For meg har høgdepunkta nærmast stått i kø.

Det som først og fremst kjenneteiknar Vivace er kvalitet og seriøsitet. Etterkvart har òg omgrepet godt samhald vorte eit sær preg for koret, og vore ein viktig faktor i det miljøskapande arbeidet.

Koret har sidan starten i 1980 bevisst satsa på kvalitet og dyktige dirigenter. Derfor har Vivace utvikla seg til å bli eit kor med stort potensiale. Koret har ei uttalt målsetting og klare ambisjonar om å prioritera det musikalske. Når så alle medlemmene står saman om dette, blir Vivace eit attraktivt kor å vera dirigent for. Det er viktig for ein kordirigent ut frå forholda å få mest mogleg ut av songarane sine, men endå viktigare å få høve til å prega koret med eigne musikalske tankar og idéar. Dette skil Blandakoret Vivace frå dei fleste andre kor eg har møtt gjennom 25 års korarbeid.

Gjennom alle desse åra har Vivace arbeidd målretta med stadig nye musikalske mål og utfordringar. Eit blikk bakover syner at repertoaret har vore veldig allsidig og til tider svært ambisiøst. Store klassiske verk innan både kyrkle- og verdsleg musikk, blanda med det krevjande jazzverket "Sacred Concert" av Duke Ellington, samt til dømes eigenprodusert framsyning med tradisjonell korsong frå Sør Afrika, der dans, trommer, multimedia og resitasjon var inkludert, viser ei uvanleg stor spennvidde i aktivitet.

Vivace har gjort fleire turar utanlands. Eg har fått høve til å følgja koret til Estland, Sør Afrika og Cuba. Gjennom dei siste turane har koret på førehand gjort eit dykk i dei respektive landa sine korttradisjonar, Såleis har det fått nye og viktige impulsar i den musikalske utviklinga. Det må òg nemnast den store oppslutnaden medlemmane har synt som har prioritert lange og kostbare reiser. Det har gjort at koret alltid har fått synt kva det har stått for.

Det er eit privilegium å få arbeida med Blandakoret Vivace. Eg gratulerer med 25 års jubileum og ynskjer koret lukke til vidare.

Helsing

Johny Fosse

Dirigent

Norges Korforbund-Rogaland:

Gratulerer med dagen, Vivace!



Randi Garathun-Hansen

I min jubileumshilsen til dere har jeg lyst til å rette fokus på deg som korsanger og sanggleden din.

Året har sine sykluser – årstidene. Slik også i menneskelivet, med barndom, ungdom, voksenliv og alderdom! Gjennom disse livssyklusene har vi alle i oss evnen til å synge, og vi danner toner på ulike måter, etter alder, glede, sorg, årstid, eller etter hvilket budskap vi vil formidle.

Hvem er så du, mann eller kvinne, som synger i Vivace? Visst vet jeg at du er sammensatt av fasetter i milliontall, etset inn og skapt av arv, miljø og mangfoldig livserfaring. Men likevel – hva lever i deg når du mestrer toneklanger, når du synger ut musikken, eller når du lytter til god korsang?

Jeg tror jeg kjenner deg – når tonene smyger seg inn under huden din i varme øyeblikk og fyller deg med en følelse som åpner alle sanser i deg. Slike øyeblikk der du selv blir en samstemt toneklang – og blir ledet inn i noe uendelig sitrende og vårt – og som gjør det så uendelig godt å være til! Jeg tror det er slik du er som menneske i korsangen, at disse øyeblikkene er den verdien og den rikdommen vi alle finner i korsangen sitt fellesskap. Når vi er med og tar vare på og utvikler disse verdiene for kommende generasjoner, ja da er du med på å trygge grunnfjellet i korsangen!

Tidligere dirigent i koret, Anders Larsen, sa i en hilsen engang at *"Vivace er drømmekoret for en dirigent"* Og jeg sier det slik: *"Vivace må være drømmekoret for en sanger"*. Slik jeg gjennom mange år har kjent koret fra "utsiden", har jeg sett hvordan dere har utviklet dere musikalsk gjennom å ta på dere stadig flere krevende oppgaver. Samtidig ser jeg sanggleden! Formidlingen er stor og ekte! Dernest ser jeg den massive interessen og samhørigheten! Og slike spennende prosjekter! Norsk-Sør-Afrikansk korfestival i Port Elisabeth, Sør-Afrika i 2002 og nå senest i påsken 2005, jubileumstur til Cuba. Dette vitner om en gjeng sangere som trives i hverandres selskap. Og ikke minst vitner det om et kor med strålende organisering og dugnadsånd. *Glem aldri at amatør betyr å elske. Tap aldri engasjement og formidlingsevne.*

Lykke til videre!

Med vennlig hilsen

Randi Garathun-Hansen

NK-Rogaland

Leder

Leiaren:

Songarvenner!



Solfrid Apeland

Blandakoret Vivace feirar 25 års jubileum.

Då koret vart starta i 1980 vart målsetjinga nedfelt i vedtekten, som blant anna seier:

- Koret skal utvikla dyktige songarar og vera ein meiningsfull fritidsaktivitet.
- Ha eit allsidig repertoar
- Utvikla enkeltmedlemmane sitt ansvar for koret

Det er ei ære å vera leiar for dette koret med songglade jærbuar. Koret har i alle år hatt ei organisering som gjer det enkelt å vera leiar.

Heile koret er delt opp i grupper med ansvar for kvar sitt område: Musikalsk gruppe, arrangementskomité, sosialkomité, bevertningsgruppe, reisegruppe og annonse og marknadsføringsgruppe. For å planleggja og gjennomføra 25 års jubileet har me ein jubileumskomité. Styret gjev gruppene oppdrag og har det overordna ansvaret.

Me har vore heldige å få halda på vår dyktige dirigent, Johny Fosse, i fleire år. Det skapar stabilitet.

Blandakoret Vivace har eit punkt i vedtekten som kanskje ikkje er så vanleg, me har ei øvre aldersgrense på 60 år. No er det fleire om nærmar seg denne aldersgrensa. Det er trist at stabile songarar sluttar, men dette var intensjonen då koret vart starta, og det har ikkje vore forslag om å endra vedtekten på dette punktet. Samstundes har me vore heldige og hatt god nyrekrytting til koret.

I dag er me 56 medlemmar.

I påskeferien var koret på Cuba på ein minnerik jubileumstur. Og i oktober vil me dela songgleda vår med vårt trufaste publikum på Jæren. Då skal me ha ein stor jubileumskonsert med smakebitar frå repertoaret i desse 25 åra. Her vil og verta eit gjensyn med tidlegare dirigentar.

Velkommen til å feira med oss då!

Gratulera med jubileet og lukke til med dei neste 25!

Songarhelsing

Solfrid Apeland

Leiar

Ellen Wiig

Ellen Wiig er dama som starta det heile. Me tek ein prat med henne for å høyra litt om bakgrunnen for det som har vorte Blandakoret Vivace. "Korleis kom du på å starta eit nytt kor. Var det ikkje nok kor frå før"? spør me.

Nytt sangkor i startgropa?

Hører du blant dem som gjerne går og smånynner litt iblant og som gjerne kan tenke deg å utvikle dette litt grann videre i et stimulerende miljø, er din stemme nettopp hva vi

trenger til å kunne etablere et blandet kor som skal kunne framføre melodier det «svinger» av — i form av musicals — lette operetter, populærmelodier — og gode viser.

Vi søker i den anledning etter voksen ungdom mellom 18 og 50 år som kan tenke seg å være med å framleske et festlig og trivelig miljø i lokalsamfunnet, en slags gledespredere, om man vil, midt oppi all vår seriøse livsstil.

Vi er sikre på at det fins tilstrekkelige musikalske ressurser til det og at noen er villig å påta seg den musikalske ledelsen.

Og ambasjonene er store, må vi nok regne med å starte både langsomt og forsiktig. I første omgang er bare tenkt å lufte selve ideen og lodde interessen for et slikt foretagene. Siden blir det nok en del ting som må finne sin avklaring.

Skulle det være noen som har sympati for tanken og som ellers vil slutte opp, er vi interessert i en henvendelse. Noe notekunnskap må forventes.

Dame — såvel som herrestemmer er velkomne til å melde sin interesse til undertegnede i telefon 81 660.

"Eg hadde gått på lærarskulen og sunge i kor der. Eg tykte repertoaret i dei kora som var på Bryne var for gammaldags. Det vart for mykle nasjonalromantikk og religiøs musikk. Eg hadde lyst til å få til "nogen friske greie", litt musikals, evergreens, gode viser og operettamusikk.

Eg fekk inn ein liten notis i Jærbladet nov. 1979 og eg sette opp ein plakat på Domus. Dirigent hadde eg spurt meg litt rundt om og eg fekk etter kvart kontakt med Floyd Nilsen. Han var musikklærar på

KleppUngdomsskule og han sa seg villig til å verta dirigent for oss. Eg hadde fått lov til å bruka eit klasserom på gymnaset til fyrste møtet. Det vart halde i januar 1980 og det kom ein ca 15 stk på denne fyrste samlinga. Me snakka ein del om korleis me skulle ha det, repertoar, øvingstider, løn til dirigent, contingent, men me song litt og. Eg hugsar ikkje kva me song, men når du nemnde Moon River så trur eg det er rett.

Me vart einige om å ha øvingane på mandagskveldane. Floyd Nilsen skaffa oss øvingslokale på Klepp Ungdomsskule, men det var ikkje av klart med rektor der og øvingane vart ganske fort flytta til naturfagrommet i Bryne Barneskule. Så var me i gang.

Fyrste opptreden var på Jæren hotell i mai 1980. Me ville prøva oss på eit publikum for fyrste gong. Me hadde bedt om å få koma å syngja. Det galdt og å få trening i å opptre og å visa folk at me fanst. Koret hadde nå auka til ca. 35 sangerar."

"Du flytta frå Bryne og har ikkje vore med i koret seinare, men bur på Bryne nå. Korleis tykkjer du koret har vorte i forhold til det målet du sette deg i 1979".

"Koret har vorte meir seriøst enn det eg hadde planar om, men eg er nærast mållaus over kva dei har fått til siste åra. Eg går ofte på konsertane", avsluttar Ellen Wiig



Ellen Wiig

Jærbladet 30/11 - 79

Faksimile fra Jærbladet

Når eit kor fyller 25 år!

Ja, Vivace er blitt 25 år og det er ofte slik at når ein slik milepel vert passert , vil ein sjå seg litt tilbake og sjå på utviklinga som har ført oss dit me står i dag. Dirigentane er heilt avgjerande for kva koret gjer. Historia til koret er heilt avhengig av dei, og derfor vel eg å la historia om dirigentane og verta historia om koret.

Dirigentar

Fyrst eit sitat frå ein rapport Steinar Eielsen skreiv etter eit dirigentseminar han var på då han var dirigent i Vivace:

Det finnes ikke dårlige kor, bare dårlige dirigenter.

Ei spissformulering, ja vel, men likevel med mykje realitetar bak. I så måte må Vivace sia seg godt nøgde. Me har hatt ei rekke langt over middels gode dirigentar.

Floyd Nilsen

Korets første dirigent, fødd 1948 i USA Han har si musikkutdanning frå Syracuse University School of Music. Floyd bur i dag i Flekkefjord. Han er translatør og kordirigent. Han har mellom anna oversett "Tryllefløyten" av Mozart til norsk dialekt og lagt heile partituret inn på PC. Floyd dirigerer i dag eit kor i Flekkefjord og eit i Egersund

Han dirigerte koret frå januar **1980** til september **1981**. På denne tida var han musikklærar ved Klepp Ungdomsskule. Å starta eit heilt nytt kor krev nok mykje av ein dirigent. Kormedlemmene hadde lita erfaring både i korsang og det å driva eit kor.

Repertoaret frå dei første månadene, må baserast på kva folk hugsar. Det er ikkje enkelt, men det som er klart er at koret hadde sin første opptreden på Jæren Hotell, seint i mai 1980. Truleg var "Moon River" og "All night all day" mellom dei sangane som var med der.

Koret fekk seg ei vanleg linjert skrivebok av den typen me skreiv stil i, i min barndom, til protokoll. Og takk for det. Det ser ut som det tok fleire mnd før dei fekk etablert det fyrste interimstyre.

I løpet av det fyrste året var tre forskjellige personar nemnde som formann. Repertoarval vart avgjorde på allmannamøte i koret dei fyrste åra.



Fyrste opptreden, Jæren Hotell 1980. Floyd Nilsen ved pianoet

Bjørn Keyn

Tok over taktsokken i november **1981** og hadde jobben til mai **1982**. Bjørn var opprinnelig Oslo-gutt. Grunnutdanninga i musikk tok han i California, men har eigentlig arbeidd med vidareutvikling av kunnskapane heile tida seier han sjølv. Han har hatt leiande stillingar innan musikkopplæring både i Amerika, England og Noreg. Han er pensjonist nå, men fortel at han har dirigert rundt femti kor i si tid.

Det vart bare 9 øvingar med Bjørn Keyn som dirigent. Repertoaret på denne tida var: *Tumbala-laika, Climbing up the mountain, Nocturne, There's no hidin place, Sommarpsalm, Frå Sommer i Tyrol, Deep River, Before Spring, My Lord what a morning, og Caroling, carolling.*

Kirsten Marie Bjerga



Hausten **1982** fekk koret ny dirigent; den tredje så langt. Ho hadde jobben til juni **1991**. Denne kontinuiteten pluss hennar sterke vilje til å oppnå resultat var nok avgjerande for ambisjonsnivået og kvaliteten koret etter kvart fekk, og som pregar koret framleis. Det var etter forfattaren si meining starten på den utviklinga som har ført til at Vivace er der dei er i dag.

Kirsten er frå Ganddal der ho i barneåra var med i det kjende "Ganddal Pikekor". Ho er utdanna ved konservatoriet i Bergen og Stavanger, der ho nå arbeider med å ta hovudfag i musikkpedagogikk. Forutan å vera kordirigent har ho hatt mange solistoppgaver innan fleire sjangerar dei siste 25 år.

Ho gav koret store oppgåver, som *Gloria* og *Beatus Vir* av Vivaldi, der koret fekk syngja klassisk polyfon kyrkjemusikk saman med "Symfoniorkesteret for Jæren og Dalane". Mottaking frå publikum var overveldane og koret vaks mykje så vel musikalsk som mentalt.

Stefan Skiøld og Mikis Theodorakis er namn dei som har fylgt Vivace lenge nok vil hugsa. Etter eit vellukka seminar med Theodorakis sin musikk og Stefan Skiøld som instruktør, var vårt repertoar tydeleg påverka av dei i lang tid framover. Koret lærde svært mykje av dette.




Market Square / Alnwick 1985

Siste store oppgaven i Kirsten si tid var "Caffe Cabaret Vivace". Dette var ei framføring av ein heilt annan karakter. Musikken var moderne og lett. Nemner: *Come Back Liza*, ein sang frå Jamaica, til *Mamma vi'kke ha* av Øystein Sunde og *Bassin Street Blues* av Spencer Williams til *Scandinavian Shuffle* av Svend Asmussen.

Det vart og leigd inn koreograf, band, pianist, lyd og lysfolk. Me fekk stor tiltru til oss sjølv, og desse store prosjekta gav oss erfaringar som har vore avgjerande for kva oppgåver me seinare har våga oss på.

Alt etter få år med Kirsten som dirigent, fekk koret eit bra ord på seg. Det førde med seg at koret fekk representera Time Kommune på ein internasjonal korfestival i Time sin venskapsby Alnwick i England. Dette vart starten på ein forholdsvis stor reiseaktivitet. Den vil verta grundigare omtala i eit anna kapitel.

Steinar Eielsen



Steinar vart vår neste dirigent. Kjem frå Mandal, fødd 1948. Han overtok hausten **1991** og dirigerte oss ut vårsemesteret **1993**. Steinar er ein mann som syner godt igjen i det norske kormiljø, både som dirigent, komponist og arrangør. Han fekk kulturstipend frå Sandnes kommune og Rogaland Fylke, noko som gav han høve til privatstudier i komposisjon hjå Knut Nysted. Steinar har bak seg ein stor produksjon av kormusikk. Han har òg arbeidd som frilansar, der mykje tid vart brukt til komposisjon, arrangering og som gjesteinstruktør i kor rundt om i landet.

Steinar brukte mykje til på å utvikla koret teknisk. Å driva halvtonetrening med han virka litt framandt i starten. Ikkje alle var like motivert på dette, men me såg fort at det vart lettare etter kvart som me fekk trening. Me oppdaga og at det gav effekt, det vart lettare å øva inn nytt stoff. Homogen korklang var eit anna område han jobba mykje med, og på sin grundige innsiktsfulle arbeidsmåte oppnådde han gode resultat, som koret kan byggja vidare på og har nytte av den dag i dag. Steinar var nøye på at me skulle kunna ting svært godt før me tok sjansen på framføring. Det vart ikkje dei heilt store prosjekta i hans tid, men hans store kapasitet som korinstruktør har sett spor som kan høyast den dag i dag.

Geir Munthe Kaas



Dirigent i Vivace frå august **1993** og ut **1995**. Født 1959. Vaks opp i Kabelvåg i Lofoten og på Kongsberg. Han har si musikalske utdanning frå Toneheim Folkehøgskole og Rogaland Musikkonservatorium. Han er utdanna kantor og arbeidde som det i Gjesdal frå 1983 – 2002. I dag (2005) er han salssjef i Cantando Musikkforlag i Stavanger. Geir har gjennom åra dirigert mange kor i området. Dei siste så langt er Blandakoret Frøysang og Hundvåg Kantori.

Me fekk i hans tid prøva oss på litt moderne ting som, "Kantate til Mikkel Rev" av Nils Henrik Asheim. Ein gospelkonsert i lag med Bayou Blue, eit lite orkester som arbeidar mykje med denne typen musikk, gav oss nye erfaringar. Ei heilt ny utfordring var eit utdrag av The Phanthom of the opera, der Geir sine store ferdigheter som pianist verkeleg kom til sin rett. *Gloria* av Vivaldi vart også teken oppatt og framførd på Bryne og på Finnøy i lag med Jæren Symfoniorkester.

Anders Larsen



Kjapp i replikken, stor humorist og sjølvironikar. Dirigerte koret frå **1996 til 1998**. "Favorittdirigenten" ynda han å kalla seg sjølv. Anders kjem frå Oslo og har frå barndomen sunge i "Sølvguttene" og diverse gospelkor.

Han har si utdanning frå Hamar Lærarhøgskule, musikklinja.

Vivace hadde nok ei tid vorte meir og meir prosjektorientert og frå nå av kan ein vel sei at hovudaktiviteten vår var prosjekt. Fyrst og fremst eigne, men og i lag med andre ensemble.

Anders var som ein virvelvind. Med stor innsatsvilje og pågangsmot, sette han alt fyrste året han var vår dirigent i gang med kabareten "Hærighet for Kjærighet", som vart framført i Storstova, Klepp Rådhus og Hå Gamle Prestegard.

Året etter vart det laga eit program kalla "Norske folketonar med noko Jazz-(L)åt". Det vart framført på Bryne, Orre og Jærmusèet.

Siste året, 1998, vart kabareten "Jenter" framførd på Undheim, Orre og Bryne.



"Hærighet for Kjærighet" 1996

I tillegg til dette var Vivace arrangør for songarstemne på Bryne i 1996, og me deltok på

landssongarstemne i Bergen, 1997, og songarstemne på Jørpeland 1998.



Songarstemne på Bryne 1996

Som eit punktum for Anders si tid i Vivace, reiste me til Krakow am See i det tidlegare Aust Tyskland, der me var med på feiringa av denne byen sitt 700 års jubileum. Også dette våren -98. Ein hektisk periode med stor innsats av kor og dirigent.



"Jenter". Anders syng solo 1998

Johny Fosse



Dirigent i jubileumsåret. Tok til i jobben hausten **1998**. Fødd på Bryne 1957. I hans oppveksttid var det eit svært aktivt musikkmiljø på Bryne Ungdomsskule. ”Å få vera ein del av eit større miljø med flinke musikantar, har vore veldig viktig”, seier Johny. Han var i denne tida aktiv i både band og korps.

Vidaregåande har han frå det som seinare har vorte heitande Lundehaugen Videregående Skole. Han har 3 år på Agder Musikkonservatorium og eit på tilsvarande i Bergen. I tillegg til dette eit år på lærarskule med drama som hovudfag. Johny har dirigert samanhengande sidan han var 22 år.

Johny er dirigenten som har alt det ein korist kan ynskja seg. Han kombinerer stor fagleg innsikt med ein brillant evne til å læra frå seg. Hans evne til å høyra kor det er feil og å setja inn rett tiltak for å retta den, gjer kvar øving til ei oppleving.

Sosialt: Sentrumsblink! Det naturlege midpunkt på fest eller tur.

Når timen for konsert nærmar seg, kjem hans heilt utrulege evne til å inspirera til syne. Frå ein därleg generalprøve, kan Johny løfta prestasjonane våre mange hakk. Når Johny smiler kjenner me at dette går bra og så gjer det det!

Dei musikalske høgdepunkta med Johny står i kø. Det har både med at han har vore vår dirigent lenge, men også med hans store evne til å læra frå seg. At koret med si stadig breiare erfaring lærer vanskelege ting lettare, er nok og eit faktum.



Edvard Gieg's fire salmer opus 74 var eit stort ynskje frå Johny å få dirigera og det første store verket me øvde inn med han. Det vart framført i Ogna Kyrkje og Bryne Kyrkje våren 99, saman med Jæren Symfoniorkester og med Per Sigmund Rettedal som solist.

Deretter var det i gang med *Sacred Concert* av Duke Ellington. Dette vart framført hausten -99 saman med Orstad Storband og Bodil Arnesen som sangsolist og Olav Dale hadde saxofonsoloane. Verket vart framført i Stavanger Domkyrkje, Egersund kyrkje, Bryne kyrkje og Gand kyrkje.



Sacred Concert, Gand kyrkje 1999



Konsert i Nikolai kyrkja, Tallin 2000

bestillingsverk der Trond Ole Paulsen, komponist og dirigent til ei lang rekke Garborg-dikt. Verket vart innøvd saman med Blandakoret Frøysang, Klepp Mannskor og Klepp Hornmusikk. Johny var dirigent og stod for fellesøvingane. Det var eit stort prosjekt der alle impliserte fekk bryna seg, og me lærde nok mykje av dette.

Seinare dette året hadde me fyrst Kongebesøket på Bryne, og på hausten var det nytt Garborg-program kalla "Møte".

Våren 2002 var det tid for den fantastiske turen til korfestivalen i Port Elisabeth i Sør-Afrika, omtala lenger bak i heftet.

Hausten etterpå vart *Requiem* av Cherubini framført saman med Jæren Symfoniorkester på Ogna og Bryne. Det vart også framført i Lura Kirke etter jul.

Plakat 2003

Dirigent: Johny Fosse
Møllå på Bryne fredag 9. mai kl. 19:30.
Jærmuseet på Nærøsundag 11. mai kl. 19:00.
Vaksne kr. 100, barn kr. 50.

Våren 2000 var det jubileumskonsert i Storstova 24 mai, før me for på jubileumstur til Tallinn.

Hausten etter stod Libeslieder av Brahms for tur. Konserten, kalla "Ein Romantisk Kveld", med Bodil Fagerheim og Mette Kalleberg som gjester på flygel, vart halden i Storstova og i Sandnes Kulturhus. Adventskonsert i Ogna Kyrkje saman med Jæren Symfoniorkester fekk me og tid til. Eit innhaldsrikt år.

Så starta oppkjøringa til det store **Garborg-jubileet 2001**. De fyrste og nok det mest arbeidskrevjande var "Strid for fred", eit



Bryne 2001

Etter Afrika-turen var koret svært tende på Afrikansk musikk. Me fekk, i samarbeid med Norges Korforbund, instruktør **Sidumo Jakobs** fra Sør-Afrika, til å koma til Klepp for å læra oss afrikansk musikk. Med ein totalt forskjellig musikk på alle måtar vart dette nye krevjande utfordringar for koret, ikkje minst rytmisk. Hausten etter (-03) heldt me afrikansk konsert fleire stader med song, dans og lysbileter: Stor suksess!

Deretter kasta me oss rundt att: Messe i C dur av Beethoven i saman med Jæren Symfoniorkester, Agder Orkesterforening og koret Syngjandi frå Valle. Messa vart framført i Kristiansand og på Bryne våren 2004.

Så, hausten 2004, var det Cubansk musikk, nye rytmar og nye tonar. Stadig utfordringar å skjerpa seg på.

Slik er det å ha Johny til dirigent; alltid noko nytt, alltid noko gildt. Koret har under desse forskjellige utfordringane frå Johny fått næring til endå meir vekst, musikalsk, organisatorisk og sosialt.

Musikalsk utvikling i Vivace



Astrid Wille Hansen

Vivace har gjennom 25 år hatt dirigenter som har arbeidd målretta for å gjera Vivace til eit kor i stadig utvikling. Kirsten Marie Bjerga la eit godt grunnlag ved å arbeida mykje med songteknikk. Ho er sjølv songar, og visste korleis ho skulle få det beste ut av det stemmematerialet ho hadde å arbeida med. Ho var bestemt og kravde innsats av songarane – det nyttå ikkje å koma med strikkety på øving! Det trur eg Vivace skal vera glade for i dag. For framleis er det slik at på øving skal det jobbast med song. Disiplin når vi øver gir effektiv songartid, som igjen gir musikalske resultat!

Tida med Steinar Eielsen har sett sine spor i Vivace. Han arbeidde med vokalklangen. Det gjorde Vivace til eit kor med ein god homogen korklang. Den har vi teke med oss vidare, og får ofte positive merknad for nettopp det.

Sjølv om Vivace tyder "livleg", har ein ikkje falle for freistinga til å velja repertoar berre innanfor denne sjanger. Mange kor og dirigenter vel repertoar innanfor vise/pop/ rock/musical fordi det er "lett, livleg og publikumsvenleg". Ulempa er at det meste innan denne sjangeren er skriven for heilt andre ensemble. Mange av arrangementa er derfor ikkje særleg gode, og tek ikkje omsyn til koret som eigenart.

I Vivace har ein ofte valt originalskriven kormusikk. Ein har vore frimodig nok til å ta fatt på dei store meistrane som Vivaldi, Beethoven, Brahms, Cherubini, Grieg og Nystedt for å nemna nokre. Det har nok hendt meir enn ein gong at kormedlemmer har rynka på nasen og ikkje tykt om repertoarvalget ved fyrste øving. Men så har vi "bretta opp armane", gått heim og øvd meir, og så syner det seg gong på gong at vi vert glade i denne musikken.

I Vivace trur vi at det er dei større klassiske verka som hevar oss og gir koret eit løft. Vi lærer og utviklar oss som songarar gjennom dei utfordringane vi møter. For i slike verk har komponisten tenkt koret som eit instrument. Kvar stemme er viktig og sjølvstendig og ikkje berre eit akkompangement til ein melodi.

Det er utruleg viktig for eit kor å ha dirigenter som vel repertoar der det er teke omsyn til dette. Det må vera stoff som koret meistrar, men samstundes gjev utvikling og framgang. Vivace har vore så heldige at dirigentane har greidd den oppgåva. Vi har gjennom åra hatt ein fin balanse mellom det klassiske originalskrivne repertoar og det meir "lette og livlege".

Vivace vil gjerne leve opp til namnet sitt, utan at det treng vera eit kor som tek lett på oppgåvene og utfordringane.

Johny Fosse er Vivace sin dirigent i jubileumsåret. I løpet av den tida han har vore vår dirigent, har han gjort Vivace til eit kor som meistrar det rytmiske på ein heilt anna måte enn før. Ved å gjera oss kjende med m.a. afrikanske og cubanske rytmar, har vi lært at rytme er meir enn halvnotar og firedelar!

Saman med det grunnlaget vi hadde og det arbeidet Johny Fosse har gjort, er vi i Vivace stolte av dei prestasjonane vi no står for.

Ein veterankorist får pennen



Møyfrid Johannessen

Litt om korleis eg opplever å vera med i Blandakoret Vivace..

Eg har vore heldig og fått vore med i Vivace sidan koret begynte i 1980. Notisen om å starta eit nytt kor stod i Jærbladet hausten -79, og både eg og mannen min melde oss på. Då hadde eg lenge gått og tenkt å byrja i kor, men det var ingen i distriktet som passa, tykte eg. Vi hadde då tre mindreårige gutar som skulle leggast i den tida øvinga byrja om kvelden, men eg hadde ein snill bror som kom kvar veke og var barnevakt. Det var godt oppmøte på den første øvinga på Klepp ungdomsskule med ein dirigent som heiter Floyd Nilsen. Som i dei fleste blandakor var det litt lite menn. Eg hugsar ein av dei første songane vi øvde på, Moon River. Den songen, og eit par andre, opptredde vi med på Jæren hotell ein av dei første gongene vi skulle visa oss fram.

Eg har songe i kor då eg var unge og var også eit par år innom skulekorps, så det var ikkje ukjent for meg å sitja å øva og terpa på songar og noter. Det har vore godt å vera med i alle desse åra. Eg føler livet har blitt rikt med alle opplevelingane vi får i korsamanheng.

Alle dei forskjellige tilstellingane og konsertane eg har opplevd i lokalsamfunnet og ellers i inn- og utland har vore med å gje livet påfyll. Hadde det ikkje vore for koret trur eg nok det hadde vore heller lite av den slags.

Repertoaret har vore allsidig ifrå kyrkjemusikk til musikalar og folkemusikk. Det har vore gildt det meste vi har øvd på, men det har nok hendt vi tok til med songar som vi ikkje meistra heilt dei første åra. Øving gjer meister, heiter det, og opp gjennom åra har koret utvikla seg til eit bra kor. Dirigentane har lagt ned mykje arbeid med å skolera oss, og det har gjeve resultat.

Koret har hatt øvingshelger, utanlandsturar, korstemne og gilde sosiale kveldar. Dei to gildaste turane eg vil framheva var i Alnwick i England med Kirsten Bjerga som dirigent, og turen til Sør-Afrika med Johnny Fosse. Turen til Sør-Afrika har vel vore høgdepunktet til nå og kan mest ikkje forklarast til dei som ikkje var med. Det å få oppleva det fargerike fellesskapet med songarar frå Sør-Afrika og syngja ilag med dei og sjå det vakre landet deira var stort.

Vi har skifta dirigentar fleire gonger. Kvar gong får vi oppleva å få ulike inspirasjonar frå desse musikalske personane. Om eg er aldri så trøytt når eg set meg i bilen og skal på øving, er eg som eit nytt menneske når øvinga er slutt. Då har eg fått litt av energien frå dirigent og alle dei andre songarane med meg heim. Sjølve korklangen har alltid fascinert meg. Den fine homogene klangen med under-, og overtonar som vibrerer i lufta frå songarane. Det er også ei spenning og forventning i lufta når ein skal opptre på konsertar, og det er godt å få formidla til publikum det ein har øvd på kveld etter kveld.

Koret har vore ein plass der eg har funne mange gode vene og vi har delt sorger og glede opp gjennom åra. Eg håpar eg får halda fram til eg er 60 år, og at røysta og helsa held seg.

Og takk til Ellen Wig som tok initiativ til at koret starta.

Korturane

Kor og turar hører saman. I førebuingsfasen vert nytt repertoar øvd inn, me skjerpar oss gjerne litt ekstra. Det musikalske og det sosiale utbyttet er som oftast stort.

Alle som har vore på tur med eit sangkor veit korleis det er. I starten, når ein ny tur vert lansert, litt usikkerhet: Vert det dyrt, kan eg ta fri og vert me mange nok påmelde. Som oftast lagar det seg. Me skal sjå litt på dei viktigaste turane koret har vore på, bakgrunnen og litt kva det har hatt å seia for koret.

Alnwick, England 1985

Englandsturen er nok kanskje den viktigaste turen i koret si historie. Den var meir grensesprengjande enn noko anna koret har gjort. Det vert framleis snakka om den i koret. Det er fleire grunnar til det:

Det var fyrste gongen Vivace var på tur utanom heimedistriktet. Det var ein jubileumstur i samband med at koret fylte fem år. Målet var **Alnwick** i Nord England, Time Kommune sin venskaps by. Koret fekk representera kommunen på ein internasjonal musikkfestival der.



Alnwick 1985

Førebuingane var omfattande og koret hadde eit allsidig repertoar. Forutan dirigenten, Kirsten M. Bjerga, hadde me og med oss Anders Åbø som pianist, så det faglege apparatet rundt oss var i svært gode hender. Me fekk opptre veldig mykje, både i byen og litt rundt i distriktet. Utfordringane når det gjaldt å halda konserter på stadig nye ukjende plassar, var store. Reinstemte piano hadde ikkje høg prioritett i dette området. Me fann vel knapt eit. Konserthalalokala var alt i frå ganske bra til at dirigenten sat på ein bardisk og koret stod rundt og oppetter ei trapp. Og koret takla det. Me hadde det gildt, responsen var veldig god og me lærde kolossal mykje om å takla uforutsette ting som koristar.

Innkvarteringen var delvis privat og delvis hotell, men me fann oss ein pub, Linda's, der me samlast om kveldane så den sosiale delen vart vel ivaretaken.



Dirigenten på bardisken, Alnwick 1985

For eit så ungt kor å vera kjend igjen i byen av heilt ukjende blide folk med eit utrop: "Oh, you are from the Norwegian choir" er stort. Å høyra folk som nynnar på "Nocturne", den songen me nok gjorde størst lukke med der borte, var større. Størst var nok likevel det ei lokal avis skreiv etter festivalen: "The highlight of this years festival, was the choir from Norway"

Voerde, Tyskland 1988

Tysklandsturen i 1988 kom som ein direkte følgje av englandsturen. Det hadde seg slik at i England fekk me kontakt med eit kor frå byen Voerde i nordvest Tyskland. Denne kontakten førde



Dirigentane med tysk formann, Voerde 1988

i si tid til innbyding og at koret reiste på tur dit. Det var først og fremst ei oppleveling av tysk gjestefridom på sitt aller beste. Me budde privat og vart særskilt godt ivaretakne. Dei heldt fleire festar for oss på dei dagane me var der og me sang på fleire konsertar. Det mest minnerike elementet var likevel bussturen til vindistrikta i syd Tyskland, med vitjing på vingard i Nakenheim. Nemnast må og den overmåteleg store tyske gjestefridomen.

Holland 1990

Etter Tysklandsturen vart det sett i gang planlegging av ein jubileumstur til USA, som skulle gå i 1990. Den vart det ikkje noko av, men på tur ville me og då vart det busstur til Holland i staden. Det vart først og fremst ein sosial tur, men me fekk ordna med nokre mindre oppredenerar, så me fekk brukt songstemma litt der og.

Rosendal 1992

1992 vart Vivace bedne om å vera gjestekor på Hordaland Korforbund sitt songarstemne i Rosendal. Det var i Steinar Eielsen si tid og koret møtte særskilt godt førebudde med eit breitt program. Me hadde den største avdelinga av alle på opningskonserten. Me deltok og i ein Kyrkjesongkoncert i Kvinherad Kyrkje.

Bergen 1997

Landssangerstevne 1997. Dette var fyrste gongen Vivace var på landssangerstevne. Å oppleva Bergen som festivalby, i fint ver til og med, var verkeleg gildt. Songartog gjennom vakre Bergen, organisering av 5000 songarar, først togoppstilling, så oppstilling av innpå 5000 songarar i felleskor, det organisatoriske imponerte mest. Men det å få stå midt i dette havet av songarar var ei stor oppleveling. Me hadde fine dagar i Bergen, både sosialt og musikalsk. Stilte me oss opp og heldt ein liten spontankonsert, samla det seg straks eit lite, men velvillig publikum, enten det var på torgallmenningen eller på jernbanestasjonen. Det virka som den vanlege bergensar likte at me kom og laga liv i byen deira. Vår evne til å ta ting på sparket vart styrka der.



Felleskoret oppstilt ved hurtigbåtterminalen, Bergen 1997

Krakow am See, Tyskland 1998

Historien startar under krigen, då ein tysk soldat stasjonert på Bryne vart særslig glad i staden. Etter krigen busette han seg i ein liten by i Aust Tyskland, kalla Krakow am See. Han fekk ei dotter, namnet hennar var **Anneli Schumann**. Henne fortalte han mykje fint om tida si på Bryne. Ho vart interessert i Bryne, og då ho vart vaksen skaffa ho seg kontaktar her. Då byen hennar, Krakow am See, skulle feira sitt 700 års jubileum, var Anneli med i arrangementkomiteen og Vivace vart bedne som gjester ved feiringa. Byen var liten, men det at 700 års feiringa kom få år etter kommunismen sitt fall var nok med på å setja standarden på feiringa. Dei var svært entusiastiske, feira i mange dagar. Vivace opptredde



Anneli Schumann og Tor Arvid,
Krakow 1998



Krakow kyrkje 1998

Tallinn, Estland 2000

Tjueårssjubileet vårt var verd ein tur tykte me, denne gongen til Tallinn, hovudstaden i Estland. Turen dit gjekk med fly. Bussen inn til hotellet fortalte oss litt om standarden på innanlands kommunikasjon i landet. Den stod i stil med trikken me seinare prøvde. Lite å verta imponert av.

Estland er kjend for korttradisjonane sine. Dessutan hadde dirigenten vår, Johny Fosse, gode kontaktar der. Tallinn var ein by med store kontrastar. Tiggjarar og nyrike i flotte bilar såg ein over alt. Når ein såg på bygningane, så var det vakre umåteleg vakkert og det stygge umåteleg stygt. Hovudintrykket var likevel at det var ein vakker by.

Me hadde tre konserter der. Ein av dei saman med koret Viimsi. Ein av koristane deira, Jurgen Pillau, var solist i Grieg salmen / himmelen, eit musikalsk høgdepunkt på turen. Ellers var ein spontan-konsert i ei gedigen trapp i nasjonalbiblioteket ganske gild oppleving. Når travle folk stoppar opp, fyrst undrande, så mjuknar ansiktet og smilte kjem så smått fram, då er det gildt å syngja i kor.

fleire gonger, både planlagt og spontant. Eg hugsar spesielt ein kyrkjekonsert me hadde saman med Georg Pollestad på munnspeil. Ei sterke oppleving både for oss og for det tyske publikumet.



Tallin ortodokse kyrkje 2000

NOR-SA i Port Elisabeth, Sør-Afrika 2002

Norsk- Sør-Afrikansk Korfestival vart halden i Port Elizabeth i Sør-Afrika, første gong i 2002.



denne konserten så me hivde oss rundt og tok ein Sør-Afrikansk sang i staden. I den grad publikums respons betyr noko, var det som hende då det sterkeste eg har opplevd som korist. Det var ca 1700 personar i salen. Den farga delen av publikum utgjorde klart majoriteten og dei vart elleville. Dei klappa, hoppa, stod på stolane, dei vrikka og vrei seg. Aldri har vel klumpen i halsen vore større, og aldri har den vore vanskelegare å sveglja, på ein konsert. Men me fullførde, også det ei nyttig erfaring. Grunnen til den overhendige responsen var nok ikkje at me gjorde det så spesielt bra, men at me kom frå ein heilt annan kant av jorda og hadde gjort oss bryet med å læra oss deira songar. Du verda slik pris dei sette på det!



øver i veka. Å få stå å syngja jamsides med desse koristane, ein kvit, ein svart, ein kvit, ein svart, var både lærerikt og ei musikalsk oppleving. Utruleg flotte stemmar! Som avslutning på Afrika-oppdraget hadde me og ein busstur på fire dagar der høgdepunkta avløyste einannan.

Den sosiale delen av Afrika-turen var og svært viktig. I eit kor der samhaldet allereie var godt, virkar ein slik tur bare forsterkande på samhaldet. Å få ha det så gildt i saman med så mange gilde folk; det er gildt det!

Norges Korforbund sende ut innbyding. Etter innsending av CD med tre sangar, vart Vivace eit av åtte norske kor som fekk vera med. 46 sangerar pluss dirigent melde seg på.

At me skulle til Afrika, det var som eit eventyr. Programmet me øvde inn var fyrst og fremst europeisk, men me hadde og lært oss nokre Sør-Afrikanske sangar. Det skulle visa seg å vera nøkkelen til dei aller største opplevingane.

På opningskonserten skulle me ha eit nummer med piano til. Piano kom aldri på



Dette fenomenet trefte me på fleire gonger i samband med spontankonsertar på plassar me var og åt. Sette me i gang å syngja kom **kjøkkenpersonalet** og viste stor begeistring. Fleire gonger lærde dei oss nye vers.

Eit anna høgdepunkt i Afrika var når me kom saman eit norsk og eit afrikansk kor i såkalla **work-shops**. Dei Afrikanske koristane me møtte var utruleg dyktige. Nålauga for å koma inn i desse kora var nok trøngt. I tillegg øvde dei like mykje pr. dag som me



Cuba

Jubileumsturen 2005. Vivace er 25 år og dreg til Cuba; eit nytt eventyr. Det starta på Havana flyplass. Tre - fire timars venting for å få registrert manglande bagasje. Dagen etter, stor bank; 40-50m lang skranke der dei sa: "Sorry! We don't have mony today. You can try tomorrow". Tjue min. drosjetur for å få fatt i tannkost. Utruleg vakre og utruleg stygge bygningar i "salig blanding". Bilparken var samansett av tre kategoriar. Det var dei gamle amerikanske frå femtitalet. Så var det ein god del gamle Lada, og til sist såg me nokså ofte, moderne europeiske og japanske bilar. Busstur i moderne god buss gav oss mange inntrykk frå eit land me hittil bare hadde kjennskap til frå media. Halvering av sukkerproduksjonen på grunn av Sovjetunionen sitt fall synte att i store brakklagde areal, men og mykje vakkert landskap. Pløyning med okse og transport med hest førekomm langsmed vegen, men gamle Sovjet-russiske traktorar dominerte maskinparken.

Musikalsk: Ein Cubanar eg snakka med sa at cubansk kormusikk var øydelagd av eit krav om at alle kor skulle syngja "Riktig politisk" musikk. Dette merka me nok litt til på små orkester som



Santa Clara, Cuba 2005



underheldt på restaurantar og barar. Ein hyllingssong til Che Guevara hørde med. Dei kora me trefte hadde særslig høg kvalitet og var så langt eg kunne registrera ikkje hemma av politiske krav til repertoaret. Dei var mellom dei beste eg har fått høyra. Elles kjempa det musikalske og den særslige temperaturen litt om merksemda. Det var frå tretti og oppover mot førti grader på konsertane. Koret meistra også det, og me fekk fin kontakt med så vel publikum som vertskor.

Sosialt var også denne turen svært vellukka. Nok "fritid", slik at folk kunne slå seg i lag for å handla, bada, gå ut og eta. Og gå på oppdagingsferd i lag. Fotografering av Vivace i eit eller anna eksotisk hav, har etter kvart vorte eit "must" når me er på tur. Det vart gjort både i Mexico-gulfen og det Karibiske hav. Toppopplevinga sosialt var nok "Fullmånekonsertbadet". Norsk, afrikansk og cubansk musikk, under fullmånen, midnattstid, langt uti sjøen, med godt over tjue grader både i sjø og på land. Koret i ring med Johny og hans ukulele i midten. Kan slikt ha hendt før i verdshistorien? Ikke trur eg!

Turane Vivace har vore på, både dei som er nemnde og dei mindre til songarstemne på kretsniivå o.l., har hatt ein sentral rolle i arbeidet med å motivera koristane, og ikkje minst når det gjeld å skaffa nye habile sangerar. Sosialt er det det beste middelet som kan tenkast når det gjeld å "lima" koristane saman.



Mexico-gulfen, Varadero, Cuba 2005

Kurs/Seminar

Vivace har vore med på ei lang rekke kurs og seminar opp gjennom tida. Ein gong i året har vore nokså vanleg, nokre gonger meir. Nokre seminar har vore i regi av korforbundet, andre har me halde sjølve. Det har vore enormt viktig å få impulsar frå andre dirigentar. Det har også vore avgjerande at me kom saman ei helg og på den måten, fekk arbeida så lenge samanhengande med vanskeleg stoff at det sat, at me slapp å starta mest på nytt att ein gong i veka.

Å gå i detaljar med dette skal eg ikkje gjera, men nokre tykkjест viktigare enn andre og skal her få ein kort omtale. Rekkjefylgja er kronologisk.

Møgedalseminara er legendariske. Det var i pionertida, 84-86 ein gong i året. Dei vart haldne i ei bedriftshytte i Møgedal sør for Helleland. Det var knallhard jobbing og stort musikalsk/sosialt utbytte. Piano transportert frå Bryne, kjøkkenvakt og utvask delt på koristane. Det var standarden den gong.


Georg Pollestad, Møgedal 1985



Per Oddvar Hildre er kjend landet rundt, som ein særskilt fargerik musikkinstruktør. I tillegg til korseminar med han, har Vivace fått vera arbeidskor/medium på eit dirigentseminar han heldt. Begge deler har hatt mykje å seia for utviklinga av koret.

Stefan Skiold, svensk tungvektar i korsamanheng. Eit helgeseminar med han, der musikk av Mikis Theodorakis var tema, sette varige spor i Vivace og prega repertoaret i lang tid.

Sidumo Jakobs, eit Sør Afrikansk fenomen, ein utruleg korinstruktør. Sprekfull av musikk og talent for formidling av denne. Ei eksotisk oppleving, som for all tid har sett spor, både i Vivace som kor, og i oss som sangerar og menneske. Du verda så heldige me var, me som fekk fire kveldar på rad med han!



Koret sitt ansikt

Namnet Vivace

Den fyrste protokollen til Vivace er ei vanleg linjert skrivebok. Utanpå den står det skrive **Bryne nye kor**. Dette syner tydeleg at det var viktig å ha eit eller anna som identifiserte koret inntil saka var drøfta og vedtak gjort. Dette ser ut til å ha føregått den 12.5.1980.

Då koret skulle starta att hausten -80 vart koret kalla "På Go`foten" i ein annonse. Seinare på hausten kom saka opp og koristane vart oppfordra til å koma med forslag til namn. Desse forslaga skulle det så stemmest over. Det kom inn 14 forslag og spennvidda var stor. Det gjekk frå det trauste "Bryne nye Blandakor", til det meir luftige "Sølvstrupene" og "Jærens Glade Lerker", frå "Lett Blanding" til "Bel Canto". Avstemminga var den 13.10.1980 og namnet "Vivace", som er eit musikkfagleg ord og betyr frisk, livlig, vart vald.

Det var Astrid Obrestad som kom med dette forslaget.

Eit namn medlemmene samla seg om og var stolte av. Uttalen valdar enkelte visse problem. Ein gong på åttitalet, det skulle spelast eit opptak av oss i NRK lokal, presterte programleiaren å seia "Koret Visvas frå Bryne". Det skada oss nok ikkje større, men innan koret fekk han så hatten passa. "Totle-vas frå NRK" skreiv Jærbladet.

Logoen

Her skal han få stå midtstilt og vera sjølve poenget for ein gongs skuld.



Alle kor med respekt for seg sjølv har ein logo. Vår logo er laga av Dag Vidar Haugen, mannen til Kirsten Bjerga. Fyrste gongen eg finn at den er brukt er på utsida av dei nye vedtektena som vart vedtekne på ekstraordinært årsmøte 24.02.1983.



"Syng i sydvest", Haugesund 1999

Logoen er ikkje nemnd i noko styrereferat så langt eg kan sjå, men sidan vedtektena er nemnt fleire gonger den hausten, har truleg nokon nemnt at koret skulle hatt ein logo. Dermed har nok Dag Vidar vorte sett på oppgåva. Ein "slitesterk" god logo vart det. Den toler både forandringar i storleik og elektronisk handtering like godt.

Fana



Grete Sikveland

Spørsmålet om eiga fane vart lufta med ujamne mellomrom opp gjennom historia til koret. I samband med at koret melde seg på til Landsfestival for kor i Stavanger 2001 vart spørsmålet reist på ny. Medlemmene i koret ønskte fane der me fekk visa kven me var og kor me kom frå.

Anne Håland, Grete Sikveland, Kate Sagland og Solfrid Apeland sa seg villige til å vera med å utforma ide og gjera arbeidet. Utgangspunktet var ein plakat som vart nytta tidlegare. Her var fire fargenyansar i turkis/blått. Dette var etter årsmøtet i jan. -01.

Me ønskete ei enkel fane og nytta oss av applikasjonsteknikk.

Framsida er sett saman av store stoffbitar i kraftig bomull. Korets logo, årstal for oppstart, og ein fugl er sydd på filt. Fuglen symboliserer dette med å vera "på sangens vinger".



Baksida har også applikasjon, men då med mindre stoffbitar. Her er stanga brukt i motivet: Notelinjer som vaiar i vind.



Arbeidet vart stort sett fordelt mellom dei 4 i fanekommiteen, men for å auka kjensla av at dette var vår fane har alle som var medlemmer i koret den gongen sydd nokre enkle sting.

Fana vart brukt fyrste gong ved Landsfestival for kor i Stavanger, juni 2001.

Kordrakt

Mange kor har fått utforma og teke i bruk ei drakt, eit klesplagg som skil seg såpass ut, at i ei folkemengd ser ein fort at her har me eit medlem frå koret. Dette kan ha fleire funksjonar, men den viktigaste er at koret skal ta seg fint ut når dei står oppstilt på ein scene. Vivace har gjort nokre forsøk, lange diskusjonar har avdekkat mange meiningar som stod svært langt frå einannan. Drakter har vorte laga men dei har ikkje fått noko langt liv. Den fyrste var sett saman av mørkerosa kjolar med kremfarga kragar til damene. Mennene hadde kremfarga busserullar med smale striper og mørkerosa kragar.



1. rekke fra venstre:

Randi Svendsen Ree, Ingunn Barvik Fredriksen, Ingvill Tjelta, Synnøve Zahl, Karen Horpestad, Julie Aksnes, Bodil Byrkjedal Møller, Astaug Knutsen, Turid Asland, Freydis Hauge Line, Oddbjørg Tjelta, Edith Anda, Tove Dybesland.

2. rekke fra venstre:

Kirsten Marie Bjørga, Borghild J.Aase, Meyfrid Johannessen, Berit Irene Holen, Jofrid

Taule, Astrid Obrestad, Lill Karin Skaland, Astrid Wille Hansen, Turid Barvik, Liv Jordi Johansen, Sonja Helene Larsen, Grete Sikveland, Helga Kvås.

3. rekke fra venstre:

Sigmund Lande, Nils Nersten, Tor Sikveland, Terje Barvik, Tor Arvid Bjarheim, Nils Ørstad, Tore Kverneland, Ragnar Norheim, Oddvar Bo, Hans Zahl, Kjell Asland, Georg Pollestad, Sigbjørn Løde, Einar Dybesland, Birger Thomassen.

Koret før Engelandsturen 1995

Desse vart tekne i bruk i 1984. Busserullane fekk snart klengenamnet "likskjortene". Dei vart brukte nokre få gonger, men var aldri populære i det breie lag av koret og forsvann etter få år. Seinare vart det kjøpt inn blå blusar til damene. Dei var laga av stoff som mange tykte var utriveleg å ha på seg. Dei fekk endå kortare levetid. Andre forsøk stranda før det vart tredd tråd i ei einaste synål.

Bunad på alle som har, og svart og kvitt på resten har vore brukt ein heil del ved spesielle høve opp gjennom åra. Det vert alltid godt motteke ute i verda.

Redningsplanken; heilt svart, har vore brukt i mange år nå. Då kan me lett variera med nokre fargeklattar i form av skjerf, sjal, slips ol. Åge Grude påstår at første gong han foreslo svarte klede, fekk han klar beskjed frå damene om at dette hadde han ikkje greie på...

T-skjorter med logo på har vore laga fleire gonger. Dei me hadde i Afrika var svarte med logoen i gullskrift. Dei var uhyre populære, spesielt hjå den yngre delen av dei afrikanske songarane. Mange av oss kom heim utan.

Heimesida

Koret har hatt eiga heimeside sida 2002. Dette mediet har synt seg svært nyttig i korarbeidet. Både når det gjeld informasjon til medlemmene og til omverda. Eirik Bråteit var den som såg korleis dette kunne nyttast, og han er ansvarleg for dette arbeidet. Nemnast må og Terje Abeland som har lagt ned eit stort arbeid for å få lagt inn alle notene slik at medlemmene enkelt kan øva heime med hjelp av sin eigen datamaskin

Heimesida var tidligare rimeleg innhaldsrik, med ein god del informasjon om koret, informasjon til medlemmene, arkiv, vedtekter, opptak frå konserter, bileter frå turar,




kor Blandakoret Vivace

Forside Korkalender Diverse Konserter Medlemmer Tillitsvalgte Kontakt oss

Me har øving kvar torsdag kl. 19:30 - 22:00 på Jæren Folkehøgskule, Kleppa.

Høgdepunkt:
25 års jubileumskonsert og -fest laurdag 29. oktober -05!

**Blandakoret
VIVACE
Bryne.**



Blandakoret Vivace Bryne

DU ER HER: > STARTSIDE

Årsnotereferat
Her er referat frå årsmøtet torsdag 29.01.2004, kl. 1930 [Les meir]

Sondag 21. mars kl. 18:00 og laurdag 27. mars kl. 19:00
Messe i C-dur, Lodd og Bryne kyrkje [Les meir]

Messe i C-dur
"ARINN" under "Noter" finn nå desse satiane frå Messe i C-dur: Kyrie, Gloria, Sanctus(Beethoven), Benedictus og Agnus Dei. [Les meir]

Messe i C-dur.
Agnus Dei, Kyrie og Gloria er no i notearkivet. [Les meir]

Torsdag 1. januar kl. 17:00
Oppbakning av nyårskonserteren i Time rådhus. Rits Heigre, Jæren Symfoniorkester og Vivace [Les meir]

osv.

I det seinare er ambisjonsnivået kraftig redusert, og me har teke i bruk det heimesidetilbudet Norges Korforbund har laga for sine medlemskor. Dette dekker det viktigaste: Korets øvingsplanar, planlagde konserter og adresselister. I tillegg leiger me oss litt lagringsplass andre stader slik at me kan legga ut lenker til bileter og konsertopptak frå tid til tid.

Heimesida finn du på adressa: www.bkvivace.com

Annonsar, plakatar og programhefte

Som på dei fleste andre område av kordrifta har utviklinga også på dette området vore stor. Annonsar, plakatar og programframside til ein konsert er som oftast svært i slekt med einannan. Når me ser på dei bakover ser me klart den tekniske utviklinga på dette området. Me ser og at kreativiteten har auka med tida. I dei siste åra har ei eiga gruppe hatt arbeidet med utforming av desse produkta. Det har vist seg å vera heldig. Dei har vore kreative og laga mange plakatar som har fått stor ros, både innan koret og frå publikum. Gruppa er samansett av Anne Håland, Marie Storhaug og Eirik Bråteit. Me syner her ein collage av utviklinga på desse 25 åra.



1987



1998



2004

Liederabend

mit der Chorgemeinschaft
MGV »Eintracht« Voerde / MGV »Germania« Mehrum
und dem
Gastchor Blanda Koret
VIVANCE
aus Bryne in Norwegen



in der Aula Schulzentrum Voerde-Nord
am Sonntag, dem 19. Juni 1988,
um 17.00 Uhr

Dirigent des Blanda Koret VIVANCE:
Bjørg Kirsten
Dirigent der Chorgemeinschaft:
Burczyk Rainer

Eintritt: 10,- DM - Jugendliche und Behinderte 2,50 DM

1988 Tysk konsertprogram

Requiem

av Luigi Cherubini



Jæren
Symfoniorkester
Blandakoret
Vivace
Dirigent:
Johny Fosse

Ogna kyrkje 8.11 kl. 19:30
Bryne kyrkje 10.11 kl. 19:00

Vaksne: kr. 150
Barn/stud/honnør: kr. 125

2002



2005

Hyggekonsert

i Time rådhus
24/4 kl. 20.15

Medv.: Bryne Storband,
Vivace, sanggr. fra
Stvgr. musikkskole
Gratis adgang

1981



1991



2002

Tryggheim 18. okt. kl. 19:30
Sandnes kulturhus 19. okt. kl. 19:30
Bryne Mølle 21. okt. kl. 19:00

Pris: 100/50 kr.

Avisomtale

Kormusikk er ofte omtala i avisene. Det er nyttig for oss og me er glade for kvar gong koret få omtale i avisa. Opp gjennom åra har det samla seg ganske mykje avisutklypp: Det er frå positivt til svært positivt, og derfor også gildt å lesa. Me kan sjølv sagt ikkje gi att særleg mykje av det her, men me har laga ei side med ein del smakebitar.

Debutkonserten, mai 1980:

Sangkor debuterte på Jæren Hotell. Ein alvorleg konsert var det ikkje, berre eit par tre nummer til hyggje og glede for gjestene. Koret hadde samlast for avslutning for sesongen, og i det høve ville dei gjerne visa, eller rettare sagt la folk få høyra, kva dei kunne. *Jærbladet*.

Jubileumskonserten saman med Jæren Ungdomskor og Bryne Storband, 1985:

Vellykket konsert: Koret hadde i alt tre solo-avdelinger som spente fra Negro Spirituals og Barber Shop til viser og kjente norske sanger. Alt ble fraført med glød og nerve, og koret bør kunne se lyst på neste femårsperiode. *Jærbladet, Finn Audun Bohne*

Gloria saman med Jæren Ungdomskor og Jæren Symfoniorkester, mars 1987:

En fryd for øret. Det var en fryd for øret, og for øyet også for den del, å lytte til konserten blandakoret Vivace i samarbeid med Rikskonsertene gav i Bryne Arbeidskyrkje søndag. ... Der var sangglede, musikalsk innlevelse og kunstnerisk disiplin. Det er befriende å oppleve det profesjonelle, det som er langt, langt bedre enn brukbart. *Jærbladet, Red.*

Jubileumskonsert, april 1990:

Festlig og fin 10 års konsert. ..., men den som har ført koret fram og skapt resultatene gjennom de siste åtte år, er sangernes elskede Kirsten. Kirsten Marie Bjerga og Vivace er ett begrep. ... Stor begeistring i salen for insperende dirigent og engasjert kor, og en anonym publikummer kom fram og erobret mikrofonene for å uttrykke sin begeistring i et hyldningsdikt! *Jærbladet, M.J.*

Jubileumskonsert, 1995:

Festklang med Vivace! ... Her skulle vore mange fleire, for mykje av festklangen var til å få "høneskinn" av.. Jo, det er flott når amatørar (elskarar) vil formidla. Då vert det kunst.. Og når Vivace er på sitt beste, formidlar dei denne kunsten like vesentleg som dei beste profesjonelle. ... Presisjonene var ikkje like god i alle songane. ... Sigbjørn Lode, Ketil Berg og Bodil Løvold frå koret sine rekkjer hadde solistoppgåver i denne bolken. Det er viktig å gi slike utfordringar,- og denne gongen stod Bodil fram som ei strålende perle. Volumet er ikkje det største, men ho tar det att i klårleik og intensitet (timbre). *Jærbladet, Karl Fjogstad*

Hærlighed og kjærlighed, oktober 1996:

Herleg kabaret med Vivace. Full Storstove, eit engasjert og dyktig kor, gode solistar, eit velklingande repertoar; - då må det bli suksess! Og Vivace har klart det igjen, - fornja seg! ... Utanom kjærleiken i dei fleste tekstane var tråden syltynn, om han i det heile fannst. Men det er greitt om det heile er underhaldande og godt framført. Og det var det. *Jærbladet, Karl Fjogstad*

Sacred Concert, desember 1999:

Svingende julekonsert i Egersund kirke. ... Orstad Storband beviste at de kunne mer enn å spille bare tradisjonell storbandmusikk. ... Blandakoret Vivace fra Bryne, under ledelse av Johny Fosse, strevde litt med å holde følge under de heftigste innslagene. Dette skyldes mye lydopplegget i kirken, men også at noen av medlemmene skarret og rullet vel mye på r'ene til engelsk å være. *Dalane Tidende, Kari Bergum*

Jubileumskonsert, november 2000:

Vivace - romantikk etter 20 år. I blandakoret Vivace blømer romantikken framleis i samband med tjueårsjubileum. Dei som kjenner at romansen har bleikna etter samliv i så mange år, skulle kan henda mælda seg inn i eit kor som held koken. *Jærbladet, Karl Fjogstad*

Spesielle oppdrag!

Etter 25 år med kordrift har eit kor sjølv sagt vore på mange slags oppdrag. Koret har hatt oppdrag på alle slags tilstellingar, frå basar til nyttårskonsert i rådhuset, frå å syngja på friluftsgudsteneste til eit oppdrag på Tou Bryggeri i samband med lanseringa av årets juleøl. Alltid gildt med nye oppdrag, men det er heilt uråd å koma nærmare inn på alle desse her.

Det er likevel nokre få oppdrag koret er så ekstra stolte av å ha fått at me vil trekka dei fram ved dette høve.

Kongeparken

Det første me vil nemna her er opninga av kongeparken i 1986. Det var ein storstilt affære med mykje mediamerksem. Det store trekkplasteret var Sissel Kyrkjebø. Vivace song *Å Vestland, Vestland* saman med henne og det var jo litt av ei fjør å setja i hatten for eit seks år gamalt kor. Kor stort utbytte me hadde av dette i vår musikalske utvikling vil eg ikkje gje meg inn på noko vurdering av, men at det auka sjølvtilletten er det ingen tvil om.

VM i pløying

1989 vart VM i pløying halden på Jæren. Dette var eit ganske stort arrangement med mange tilreisande frå ca tretti land. I samband med premieutdelinga vart det halde ein stor festmiddag i Stavanger Forum for ca 800 menneske. Det var ein tilhøyrarskare som nok var meir interessert i å snakka med einannan enn å høyra på kormusikk. I ettertid må me sjå det mest som eit ærefullt oppdrag. Utbyttet for Vivace låg nok fyrst og fremst i det at me greidde gjennomføra programmet trass mykje folk, tallerkenklirring og samtalestøy.

WACS Mat OL 1994

Worlds Association of Cook Society er ein verdsomspennande organisasjon for kokkekunst. Dei held konkurransar, rundt om i medlemslanda, som dei kallar "Mat OL". I samband med at dette arrangementet vart lagt til Stavanger i 1994, var det ei tilstelling på Hå Gamle Prestegard der deltakarar frå heile verda kom. Vivace var med på eit folkloreprogram der samtidig som me serverte mat.

Milleniumsskiftet

Feiringa av millenniumsskiftet i Stavanger var eit storslått arrangement med mange profesjonelle krefter. Førebuingane var nokså omfattande og me hadde nok stort utbytte av å få vera med å sjå korleis proffane arbeider. Det vart antyda eit publikumstal frå 20-40 000 menneske i avisene etterpå. Veret var därleg, eg trur trygt me kan seia at det var den største forsamlinga og det verste veret me har vore borti på ein konsert.



Kongebesøket 2001



Garborg-jubileet 2001 gav Vivace mange utfordringar.

Kongebesøket på Bryne var eit høgdepunkt i så måte. Under kongemiddagen på Bryne fekk Vivace den store æra av å stå tvers over for kongeparet. Det vart framført fleire sangar, som det såg ut for at både dei kongelege og resten av gjestene sette pris på. Eit særskilt ærefullt oppdrag og ei nyttig erfaring for koret.

Øvingslokale

Å ha ein fast tilhaldstad, med brukbart piano, gode lagringsforhold for noter, og rom stort nok for så mange koristar, er ikkje alltid like enkelt å finna. Det har vel ikkje avgjerande verknad for kordrifta, kvar i området øvingslokala ligg, bortsett frå kanskje litt i forhold til nyrekrytting. Når eg vel å ta med litt om dette er det fyrst og fremst for det langsiktige historiske perspektiv, å ha det nedteikna.

Som nemnt i intervjuet med Ellen Wiig var den aller fyrste samlinga på Bryne Gymnas. Dei neste to-tre øvingane var på Klepp Ungdomsskule. Ein kom ikkje til enighet med leiinga der og øvingane vart flytta til Bryne Barneskule der me vart verande i mange år. Etter som koret vaks, vart det trøngt der. Hausten 91 vart det sett fram ynskje frå Steinar Eielsen om nytt øvingslokale.

Frå den 12.9.91 var amfiet på Lye skule det nye øvingslokalet. Der vart me verande til hausten – 98, då Johny Fosse overtok som dirigent. Han var tilsett som lærar på Jæren Folkehøgskule og han ynskte å ha korøvingane i musikkrommet der.

Koret har aldri betalt husleige for vanlege øvingar, bortsett frå at me på Folkehøgskulen deltek i ein konsert til inntekt for eit eller anna prosjekt skulen set i gang. Noko me truleg hadde gjort i alle fall.



Korøving på Lye Skule 1996

Medlemmer

Ingen kor utan medlemmer og ingen medlemmer utan kor. Dette er jo sjølvsagt, men kven er dei eigentleg dei folka som har utgjort dette koret opp gjennom åra. Ser me fyrst litt statistisk på det finn me at det er ca 1/3 menn og 2/3 kvinner. Totalt har det vore registrert 156 koristar innom i koret på dei 25 åra. Koret tel i dag 57 koristar. Det vil sei ein gjennomsnittleg avgang på 4 pr år. Dei fleste større yrkesgrupper er representerte, men det er klart at lærarar er den tyngst representerte yrkesgruppa. Helsevesenet er og godt representert. Ellers finn me alt muleg frå frisør, politi, jurist, sjåfør, prest, entreprenør, bønder, butikktilsette, kontorfolk, industriarbeidarar...

Ser ein på medlemslista frå 1.1.1990 finn ein at 26 av namna der, også står på lista i dag..



Av dei 57 me har på lista i dag var 9 med frå starten i 1980. Å stå på i same koret i 25 år er såpass imponerande at dei fortener ein ekstra honnør. Namna deira er:

Tor Arvid BJORHEIM, Helga KLAUSEN, Møyfrid JOHANNESSEN, Astrid OBRESTAD, Grete SIKVELAND, Tor SIKVELAND, Lill Karin SKAILAND, Randi SVENSEN. Malene VOLD var også med frå starten, men var ikkje til stades då biletet vart teke.

Medlemmer pr. 1.10.05:

Terje Abeland, Bass	Mari Heien, Alt	Ruth Rosland, Alt
Ole Jørgen Alstadsæter, Bass	Wenche Hognestad, Alt	Kari Sande, Alt
Anne Britt Andersen, Alt	Gaute Horpestad, Tenor	Ronald Sandvik, Tenor
Solfrid Apeland, Sopran	Anne Håland, Sopran	Grete Sikveland, Alt
Ketil Berg, Tenor	Jan Dagfinn Jacobsen,	Tor Sikveland, Bass
Hans Manger BJORHEIM, Bass	Kjell Ivar Jess, Bass	Elisa Siqveland, Alt
Tor Arvid BJORHEIM, Bass	Møyfrid JOHANNESSEN, Sopran	Lill Karin Skailand, Sopran
Øyvind H. Braathen, Bass	Liv Jorid Johansen, Alt	Jon Are Skansen, Bass Marit Synnøve Stokke, Sopran
Eirik Bråtveit, Bass	Helga KLAUSEN, Sopran	Marie Storhaug, Sopran
Oddvar Bø, Tenor	Tore Kverneland, Bass	Marit Sveinsvoll, Sopran Randi Synnøve Svensen, Sopran
Erling Edvardsen, Bass	Bjarne Lodden, Tenor	Jofrid Taule, Sopran
Åslaug Efteland, Sopran	Margit Norheim Lyse, Alt	Øyvind Tjelle, Tenor
Arne Eide, Tenor	Bodil Helen Løvoll, Alt	Ingvill Tjelta, Sopran
Martha Espeland, Sopran	Lars Sigve Meling, Tenor	Malene Vold, Alt
Johny Fosse, Dirigent	Reidun Mellemstrand, Alt	Karoline Wist, Sopran
Åge Grude, Bass	Guro Myhrene, Alt	Kirsten Gustavson Østrem, Alt
Inger Grøttå, Alt	Berit Irene Nærland, Sopran	
Astrid Wille Hansen, Sopran	Astrid OBRESTAD, Sopran	
Gro Sissel Hauger, Alt	Henning Rasdal, Bass	
Elisabeth Hauso, Sopran	Inger Bente Reiersen, Alt	

.Oversikt over dirigentar i Blandakoret Vivace dei fyrste 25 åra.

Januar 1980—September 1981	Floyd Nilsen
November 1981 - Mai 1982	Bjørn Keyn
September 1982 - Juni 1991	Kirsten Marie Bjerga
August 1991 - Juni 1993	Steinar Eielsen
August 1993 - Desember 1995	Geir Munthe Kaas
Januar 1996 - Juni 1998	Anders Larsen
August 1998 -	Johny Fosse

I dei fyrste åra var koret uten dirigent enkelte periodar, og det var uvisst kor lenge situasjonen ville vera slik. Då stilte kormedlemmane Hans Zahl og Liv Ueland opp og gjorde jobben. Det var truleg avgjerande for å halda koret saman i ei vanskeleg tid.

Ellers har Astrid Wille Hansen teke dirigentjobben ofte opp gjennom åra når dirigenten har vore forhindra. Også dette til stor nytte for koret.

Etterord

Å skriva historien til Vivace har vore både vanskeleg og lett. Lett fordi det finst forholdsvis god dokumentasjon. Vanskeleg fordi eg har vore med i koret det meste av tida. Utfordringa ligg i å halda stilten, å skriva det som ein historie og ikkje som eit referat. I dei tilfella eg ikkje lukkast slik det var tenkt orsakar eg meg med at ein historie med litt fargeklattar forhåpentleg vert litt meir leseverdig.

Ein av grunntankane har vore å sjå på prosessen koret har vore gjennom, frå den enkle starten til der dei er nå.

Det starta med ein flokk, for det meste uerfarne korsangerar. Dei set tidleg ein standard som går ut på å heile tida utvikla seg musikalsk, slik at dei hevar kvaliteten på korsongen. Kurs og seminar for å utvikla både den enkelte songar og samklangen i koret var tidleg ein viktig del av arbeidet. Stadig meir krevjande repertoar som er utviklande; noko ein må strekkja seg etter, krev innsats frå kormedlemmane. På denne måten vart det dei mest motiverte koristane som vart verande i koret, danna grunnstammen, og som med åra har vorte til ein svært stabil flokk songarar. Gjennomtrekken i Vivace er svært liten. Det er for tida tilnærma inntakstopp for damer og seksti års aldersgrense for alle. Det fortel jo og sitt.

Sekstiårs aldersgrense kan jo virka som ei hardhendt handtering av trufaste koristar. Det er reint faglege grunnar som ligg bak. Underteikna er mellom dei fyrste som står for fall og det kjennest vemodig å måtta slutta. Samtidig er eg stolt over å ha vore med i eit så bra kor så lenge, eit kor som viser sterkt vilje til å halda høg standard. Lukke til Vivace mot nye og endå høgare mål!

Tore Kverneland

Vedlegg:

1. Korets styre
2. Korets noteliste
3. Program for jubileumskonserten 2005
4. Bilete frå Sør-Afrika og Cuba!

Årsta	Formann/Leiar	Nestformann/leiar	Sekretær	Kasserar	Styremedlem	Vara
1980/81	Ellen Wig hannesen	Eilev Jo- hannesen	Oddmund Bekkeheien	Inger Johanne Gjelvik	Grete Sikveland	Jens Nesse
1981/82	Hans Zahl	Turid Barvik	Astrid Obrestad	Inger Johanne Gjelvik/ Astrid Obrestad	Ragnar Norheim	Tor Arvid BJORHEIM
82/83	Kari Mælumsæter	Turid Barvik	Liv Ueland	Ragnar Norheim	Tor Arvid BJORHEIM	Aslaug Knutsen
83/84	Karen Horpestad/ Sikveland	Tor Karen Horpestad/ Tor Sikveland	Kari Mælumsæter	Ragnar Norheim	Aslaug Knutsen	Helga Kvía
84/85	Tor Sikveland	Jan Dalen	Møyfrid Johannessen	Ragnar Norheim	Kari Mælumsæter/ Helga Kvía	Helga Kvía/ Torill Aasland
85/86	Turid Barvik	Jan Dalen	Møyfrid Johannessen	Ragnar Norheim	Georg Pollestad	Randi Svensen Ree
86/87	Turid Barvik	Tore Kverneland	Møyfrid Johannessen	Randi Svensen Ree	Georg Pollestad	Oddvar Bø
87/88	Turid Barvik	Tore Kverneland	Møyfrid Johannessen	Randi Svensen Ree	Georg Pollestad	Oddvar Bø
88/89	Astrid Wille Hansen	Randi Svensen Ree	Møyfrid Johannessen	Oddvar Bø	Georg Pollestad	Arne Eide
89/90	Jens Nesse	Turid Barvik	Borghild Aase	Sigbjørn Lode	Oddvar Bø	Åge Grude
90/91	Jens Nesse	Turid Barvik	Borghild Aase	Sigbjørn Lode	Oddvar Bø	Åge Grude
91/92	Jens Nesse	Turid Barvik	Mari Heien	Åge Grude	Oddvar Bø	Jørund Salte
92/93	Jens Nesse	Turid Barvik	Wenche Hognestad	Åge Grude	Ingvill Tjelta	Gro Sissel Hauger
93/94	Soffrid Apeland	Ingvill Tjelta	Wenche Hognestad	Tor Arvid BJORHEIM	Gro Sissel Hauger	Jan Dalen
Haust 94	Soffrid Apeland	Kjell Bjørnevikt	Bodil Haukland	Tor Arvid BJORHEIM	Reidun Oline Skads- sem	Astrid Obrestad
1995	Bodil Haukland	Margit Norheim Lyse	Thomas Hausken	Kjell Bjørnevikt	Ketil Berg	Astrid Obrestad

1996	Åge Grude	Margit Norheim Lyse	Malene Vold	Thomas Hausken / Randi Svensen Ree	Tove Dybesland	Randi Svensen / Oddvar Bø
1997	Åge Grude	Karoline Wist	Malene Vold Svensen	Randi S. Jon Are Skandsen	Tove Dybesland	Oddvar Bø
1998	Inger Grøttå	Karoline Wist	Ruth S Rosland	Jon Are Skandsen	Dagbjørn Skipnes	Oddvar Bø
1999	Inger Grøttå	Kirsten G Østrem	Ruth S Rosland	Dagbjørn Skipnes	Terje Abeland	Karoline Wist
2000	Inger Grøttå	Kirsten G Østrem	Ruth S Rosland	Dagbjørn Skipnes	Terje Abeland	Karoline Wist
2001	Tore Kverneland	Tor Slikveland	Ruth S Rosland	Kirsten G Østrem	Gun-Christin Fjernestad	Inger Grøttå
2002	Tore Kverneland	Tor Slikveland	Elisabeth Hauso	Gunn-Christin Fjernestad / Astrid Obrestad Åge Grude	Gunn-Christin Fjernestad	Åge Grude
2003	Sofrid Apeland	Øyvind Tjelle	Elisabeth Hauso	Åge Grude	Astrid Obrestad	Malene Vold
2004	Sofrid Apeland	Øyvind Tjelle	Martha Espeland/ Efteland	Åstaug Åge Grude	Malene Vold	
2005	Sofrid Apeland	Eirik Bråteit	Ingvill Tjelta	Åslaug Effeland	Martha Espeland	Malene Vold


Abend Wird es wieder	Don't cry for me Argentina	Hvad est du dog skjøn
Abschied vom Walde	Don't get around much anymore	Hva er det for slags vin(d) i dag?
All night all day	Du famnas av sömnen	Hvor lenge skal vi sitte her?
A nightingale sang in Berkeley Squ.	Du grønne glitrende tre(Greig)	Høstvisa
A perfect day	Du grønne glitrende tre (Weyse)	I all sin glans nu stråler solen
A-rocka my soul	Du hyrde sterk og god	I don't know how to love him
Adle sine menne	Du være lovet, Jesus Krist	I dreamed a dream (Les Miserables)
Aftontankar vid Fridas rute	Du är den ende	I grottorna vid havet
Afrikanske sanger		
All of me	E fin vise	I Himmel, i Himmel
Alle Augen warten auf dich	Eftermiddagslur	I Seraillets Have
Amazing grace	Eg ser deg utfor gluggen	I skovens dybe, stille ro
Annie's song	Eg rodde meg ut på seiegrunnen	I will Praise Thee, O Lord
Anthem fra Chess	Eg skrev mitt dikt	I'm gonna sing
April is in my Mistress' face	Ei verd som er vår	I've been 'buked
Aria fra "The suite in D major"	Ekko	In these delightful, pleasant groves
Aria fra "The suite in d major"	Eleanor Rigby	Inga liti mor
Arrivederci Roma	Elsk din neste, du kristensjel	Ingen har så fager dotter
Auga mitt ,auga ditt	En dag med Rønnerdal	Innsbruck, ich muss dich lassen
Austan-om sola, nordan-om jorda	En natt forbi	It was a lover and his lass
Av høihet oprunnen er	En rose er utsprungen	
Ave Maria	En song om frihet	Ja, vi elsker
Ave Maris stella	Erlaube mir	Jamaica Farewell
Ave Verum	Et barn er født i Betlehem (1553)	Jeg er så glad hver julekveld
	Et barn er født i Betlehem Lindemann	Jeg kan se på dine øyne
Baby's request	Evita	Jeg lagde meg så sildig
Ballade.		Jeg ser deg søte lam å stå
Balladen om Herr Fredrik Åkare	Fagert er landet	Jeg synger julekvad
Barn Jesus	Fangekor(Slavekoret)	Jesus Kristus er opfaren
Bereden väg för Herran	Fars fabrikk	Joy to the world
Bilongo	Fire korte Wessel vers	Juramento
Bis`p Thomas frihetssång	Fire, fire	Just a closer walk
Blackbird	Folkevise	
Blowin inthe wind	Fra Norsk Landskap	Kajsas sang
Blå kveill	Gammel Mariavise	Kantate for Mikkel rev
Blåmann, Blåmann	Gjendines bånlåt	Kimer, i klokker
Bort alt vad oro gör	Glad såsom fågeln	Kling no klokka
Bred dina vida vingar	Glade jul, hellige jul	Kom regn fra det høye
Brevet	Gloria	Kor i Bergen
Brigde over troubled water	Glädjens blomster	Korsanger-syklus
Bruremarsjfra Valdres	Gläns över sjö og strand	Kristallen den fina
Bukkevisa	Goder morgen i denna sal	Kräkevisa
Come Again	Greensleeves	Kväll
Cubanske sanger	Grimas om morgonen	Kvinnfolkvisse
Dalakopen	Gud i en tid	Kyrie
Danse mi vise	Guds sønn har gjort meg fri	Kjärleksvals
Death, oh me Lawd	Gärdebylåten	
Deep river	Gåter	Lerka
Deep river		Let's do it
Deg, lyssets Fader lover vi	Hallingvisa	Liebesliederwalzer
Deilig er den himmel blå	Har du visor min vän?	Lilja i dalen
Deilig er jorden	Hellig Ånd, o himmellue	Lite bane
Den første song	Her kommer dine arme små	Lobgesang
Den lyckliga nudisten	Hill deg frelser og forsoner	Loch Lomond
Der 43.Psalm	Himlen er blå	Locus iste
Det haver så nyligen regnet	Himlene Herre fortelle din ære	Love me tender
Det kimer nu til julefest	Hjerte løft din gledes vinge	Lovers love the spring
Det var en lørdag aften	Ho Guro	Lustwins Wijsa
Ding dong! Merrily on high	House of the rising sun	
Dirty Old Town	How deep is your love	

Magaliesburgse Aandlied	Sacred Concert	Tourdion
Mandelträd och marmor	Sanctus	Trolldans
Maria Wiegenlied	Sankt Staffans visa	Truls med bogen
Mary`s boychild	Sankta Lucia	Try to remember
Matona Mia Cara	Sara på Solheim	Tusen Julelys
Me and my shadow	Scarborough fair	Tuxedo Junctin
Messe i C-dur	Se din konge kommer	Two sleepy people
Medley from "The Phantom of the opera"	Se solens skjønne lys og prakt	
Michael Row Your Boat Ashore	Selection from Jesus Christ superstar	U töisi gick i änge
Michell	Setja meg på sullarkrakk	Utgångsmenuett
Midnatt i Moskva	Side by side	Uti vår hage
Mitt hjerte alltid vanker	Si Go`afton	
Moon River	Sirivise	V`amo di core
Morgensang	Sjømannsvise	Vaggsång
Morgen	Sjømannsvise	Vals i tango
Muinislugu musikas	Skjergårdsø	Vals på Ängö
My fair lady	Skymingen	Velkommen igjen, Guds engle små
Møte	Skära havre	Vesignet være han
	Slakthuset	Velt alle dine veie
National Anthem of South Africa	Småsporven	Vem kan segla
Negro bemon	Slow spring	Veni Emmanuel
Nevertheless	Solfeggio	Veslemøy
No koma Guds englar	Solrenning sæle	Vi skal ikke sova burt sumarnatta
No kviler skog og lundar	Sommernatt ved fjorden	Vi är två
Nocturn	Som små stjärnor	Vid stranden
Norges Fjelde	Sommarpsalm	Vintern rasat
Norsk Fedrelandssalme, Gud signe...	Sommerfugl-lek	Volare
Norwgian wood	Song on may morning	Vond dag
Now is the month of maying	Sov søtt barn lille	Vuggevise
Nu solen går ned	Springar frå Bergen	Våren
Når strie stormar mot deg jagar	Springdans	Vårvind friskar
Når det lider mot jul	Standin` in the need of pray'r	
Når dom knytter sin näve	Steal away	Wade in the water
	Strid for fred	Wanderlust
O come, all ye faithful	Sumarkveld ved fjorden	We'll meet again
O, du min Emanuel	Summer is acoming in	Weepin`Mary
Och jungfrun hon går i dansen	Svein Svane	What shall we do
Oh, Freedom	Swing low sweet Chariot	When my sugar walks down the street
Oh, Won't you sit down	Swingende folketoner fra Rogaland	When the stars begin to fall
Oj, Oj, Oj	Syner i lövsprickningen	Where could I go but to the Lord
Oklahoma Choral section	Syng i stille morgonstunder	Whith a little help from my friend
Ola Glomstulen	Sæle jolekveld	Ye banks and brae's
Old time religion	Såg du noko til kjerringa mi	Yndig og fin
On my own (Les Miserable 9	Så lang ei tid	
One note samba	Så lenge skutan kan gå	Zigeunerleben (kopi)
Oratorio de Noël	Så lunka vi så småningom	
	Så spiller vi harmonika	Ølvise
Peace I leave with you	Så vil vi nå sie hverandre farvel	
Peg o`my heart		Å du herlige
Pojken som alltid log	Tantum Ergo	Å liva, det er å elskar
På Fjeldesti	Tanzen und Springen	Å vesle Kari vår
På gitar	Te Quiero	Århus Tappenstreg
På gravbakken vart dette sungi	The bare necessities	
Pål sine hønur	The last rose of summer	
Påls fuge	The Lord Bless you	
Requiem	The shadow of your smile	
Ro, ro til fiskeskjær	The white cliffs of Dover	
Rosa på ball	There`s no buisness like	
Round midnight	Til ungdommen	
Rudolf	Tjuv og tjuv, det skal du hetta	

Program for jubileumskonserten i Storstova på Bryne 29. oktober 2005:

Sang	Tekst	Tone	Arrangement	Dirigent
1 All night, all day		Negro spiritual	G.H.	Johny Fosse
2 Moon river	Johnny Mercer	Henry Mancini		"
3 To trøytte fuglar	Norsk tekst: Geirr Lystrup	Hoagy Carmichael		"
4 Tourdion	Svensk tekst: M. Ving	Frankrike omkring 1500		"
5 En sång om frihet	B. Setterling	M. Theodorakis		"
6 Anthem	T. Rice / B. Ulvaeus	B. Andersson, B. Ulvaeus	Per-Anders Sjöberg	"
7 Eftermiddag	Gunnar Persson	Gunnar Persson		Kirsten Marie Bjerga
8 Kväll	Gunnar Persson	Gunnar Persson		"
9 Bruremarsj fra Valdres		Norsk folketone	Steinar Eielsen	Steinar Eielsen
10 Adle sine menne		Folkevise fra Jæren	Steinar Eielsen	"
11 I'm gonna sing		Negro Spiritual	Steinar Eielsen	"
12 April is in my mistress face		Thomas Morley		Geir Munthe-Kaas
13 Gloria		Antonio Vivaldi		"
14 Domine Fili Unigenite		Antonio Vivaldi		"
Pause				
15 Ho Guro		Norsk folkevise	Halfdan Kjerulf	Anders Larsen
16 Pål sine hønur		Norsk folkevise	Knut Nystedt	"
17 Zigeunerleben	Emanuel Geibel	Roberg Schumann		Johny Fosse
18 Te Quiero		Alberto Favero	Liliana Cangiano	"
19 Locus iste		Anton Bruckner		"
20 Amacing Grace		Skotsk tradisjonell	Ejvind Dengsø	"

Sør-Afrika 2002



Cuba 2005

